

Innkalling til FAU-møte nr 3, skoleåret 2023-24

Fellesrommet på Samnanger Barneskule 07/03-2024, kl 17:30-18:45

Møteleder: Irmelin Bjørkmo/Eli Kristin Berge
Referent: Trond Sandvik, avd. leiar 5.-7. trinn
Tilstades: Foreldrekontakter (Alle trinn unnta 1. trinn) ved Samnanger Barneskule + rektor og avdelingsleiar.

Agenda:

2023/24-12

Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent

2023/24-13

Ordensreglar Samnanger barneskule

Gjeldande ordensreglar ligg ved innkallinga som vedlegg.

Vedtak: Ordensreglane blir teke til orientering slik dei føreligg med ei presisering: **Mobilen** skal ligge **avslått** i sekken (ikkje på lydlaust!). Skulen retter dette i ordensreglementet.

2023/24-14

Informasjon om skulemiljøet.

Orientera om hovudfunn resultat elevundersøkinga 2023. Stor sett er elevane svært fornøgd med skulen, lærarane og foreldra si støtte. Trinn 7 har ein indikator 7,8 på området mobbing. Landet forøvrig ligg på over 10. me arbeider kontinuerleg for at elevane våre skal trivast på skulen og me oppleve eit godt samarbeid med heimane.

2023/24-15

Informasjon om resultat nasjonale prøver

Rektor orienterer om resultatet frå nasjonale prøver gjennomført haust 2023, av elevar på trinn 5. Me ser eit resultat som er under nivå i landet. Me har ein nedadgåande trend i resultat både i rekning, lesing og lesing. Spesielt lesing er svært dårleg i år. Skulen tar dette til orientering og vil setja inn tiltak for å få elevar til å meistra lesa betre. Viktig at føresette og skulen har eit godt samarbeid kring leseglede, motivasjon for lesing og finne lesestoff som fengjer.

2023/24-16

Orientering om tilsynsrapport v/rektor.


Skulen og kommunen har hatt tilsyn av Statsforvalteren i Vestland, med tema §9a: varslingsplikta, undersøkingsplikta og aktivitetsplikt. Skulen og kommunen fyllte ikkje lovkrava på ein del av delpliktene som omhandla tilsynet. Skulen saman med kommunalsjef, jobber for å greie desse lovkrava. Ein handlingsplan er under utarbeiding. Den skal vera ein plan som innheld rutinar og prosedyrer som dei tilsette kan støtte seg til i saker som handler om §9a (trygt og godt

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



skulemiljø). FAU skal få koma med innspel i planen. Den skal vera ferdig til 5.mai 2024, og skal og fungere som eit svar på tilsynet frå Statsforvalteren i Vestland.

2023/24-17

Godkjenning av FAU-vedtekter

Vedtak: Vedtekter som ligg ved møteinnkallinga blir einstemmig Vedteke.

2023/24-18

Tilbakemelding frå foreldremøte: kva var bra og kva kan me gjera betre til neste gong? Fau representantar fortel om gode tilbakemeldingar på foreldremøtet. Foreldra gjev tilbakemelding om gode innspel av einingsleiar for livsmeistring, Laila G. Jensen og kommunalsjef Irene Ullensvang. Det kom fram at foreldra likte den munnlege og personlege vinklinga dei hadde av problemstilling. Gode drøftingar på trinnet etterpå.

2023/24-19

Uteområde til skulen.

Rektor orienterer om prosjekt uteområde. Skulen ynskje å halde fram med å få til eit godt uteområdet for elevane våre. Me ynskje områder for rekreasjon og aktivitet. Alle trinn har no i oppgåve å teiken sin skule. Så skal me utarbeidet ei skisse for ønska uteområdet. Dette vil me ta med vidare inn i økonomiplaner og budsjett framover.

2023/24-20

Eventuelt: diskusjon om språkbruk.

Viktig med godt samarbeid mellom lærare og foreldre om stogga negativ språkbruk. Føresette ynskje at lærarar tar kontakt med heimen om det er stygt språkbruk på skulen. Alle har same mål: godt språk for store og små.

2023/24-21

Dugnad:

Skulen ønskjer å invitere foreldra på skulen til dugnad til våren. FAU, stiller seg positive til dugnad.